

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato	22.09.2025
Vår referanse	2022/93471-14
Dykkar referanse	a861cfbc-35df-49a4-8a94-
Sakshandsamar	86b76c0828ed
E-post	Bjornar.Tjoflot
Telefon	Bjornar.Tjoflot@vlfk.no
	99100814

Høyringssvar til søknadar om planendring for Offerdal kraftverk, NVE-ref.: 202514643

Samandrag av hovudmerknader

Kulturminne og kulturmiljø

Vi har ikkje kjennskap til at endringane kjem i konflikt med automatisk freda eller andre verneverdige kulturminne. Potensialet for funn vert rekna som lågt, men tiltakshavar er gjort merksam på meldeplikta. Det vert oppmoda om å ta omsyn til kulturlandskapet og unngå skade på synlege kulturminne som steingardar, tufter og eldre vegar.

Vassmiljø

Vi har ikkje avgjerande merknader knytt til vassmiljøet, men vi rår til at avbøtande tiltak skisserte i søknaden, særleg knytt til det nye deponiet ved Åsete, vert gjort til bindande vilkår i konsesjonen. Vi understrekar at tiltaka ikkje må føre til forringing av økologisk tilstand i påverka vassførekomstar.

Bakgrunn

Offerdal Kraftverk fekk løyve til å byggje Øvre og Nedre Offerdal kraftverk i 2017. NVE gav seinare anleggskonsesjon i 2018, og har forlenga byggefristen til 2027. Nettdelen av anleggskonsesjonen, som omfattar kraftoverføring frå Offerdal kraftverk over Årdalsfjorden til Naddvik koblingsstasjon, blei overteken av Sygnir AS i 2021. Fristen for idriftsetjing av nettanlegga er forlenga til 2032.

Tiltak skildra i planen

Offerdal Kraftverk AS no søkt om planendringar. Endringane omfattar mellom anna justeringar av inntaksløysingar, tunneltrasear, stasjonsplasseringar, deponi og tekniske installasjonar for både Øvre og Nedre Offerdal kraftverk. Sygnir AS har søkt om planendring og nytt ekspropriasjonsløyve. Søknaden gjeld etablering av ein ny kraftoverføringstrasé frå Indre Offerdal til Naddvik koplingsstasjon, inkludert sjøkabel, jordkabel og nødvendige høgspenningsanlegg.

Kulturminne og kulturmiljø

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturmiljøstyresmakt.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne som planendringane kjem i konflikt med.

Viser til e-post korrespondanse og tlf. samtale med utbyggingssjef Harald Fimreite i Sognekraft vedrørande planendringane og behov for nye arkeologiske registreringar i Offerdal i samband med endringane i planen. Endringane gjeld blant anna inntaksplassering og justering av trase for røyrgate ved Skogli, samt deponiplassering ved Åsete.

Fylkeskommunen har i brev av 24.04.25 gitt tilbakemelding om at det ikkje er naudsynt med vidare arkeologiske registreringar, basert på topografi og resultat frå arkeologisk registrering i 2017. Registreringa på garden Skogli resulterte ikkje i funn av automatisk freda kulturminne. Grunneigar kunne opplyse om at jorda på Skogli på gnr. 34 bnr. 1 blei planert ut med bulldosar på 60-talet.

Vi har ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på garden Skogli eller Åsete og potensial for nye funn er vurdert å vere låg.

Vi kan likevel ikkje sjå bort i frå at det kan ligge automatisk freda kulturminne i desse områda. Tiltakshavar må vere merksam på følgjande:

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket har grunneigar/tiltakshavar plikt til straks å gje Vestland fylkeskommune melding, og alt arbeid stansast inntil rette forvaltingsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. Lov om kulturminne § 8, 2.ledd.

Automatisk freda kulturminne kan i denne samanheng vere konsentrasjonar av trekol i undergrunnen eller i groper, tufter, steinsettingar eller samling av stein, samt våpen, reiskap og liknande i metall eller stein.

Vi ber om at ein under opparbeiding av tiltaket tek omsyn til kulturlandskapet og unngår inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, rydningsrøysar, bakkemurar, tufter m.m.

Vassmiljø

Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv – vassforvaltning, viser til planendring for Offerdal kraftverk i Årdal kommune. Vestland fylkeskommune er vassregionmynde etter vassforskrifta.

I samråd med vassområdekoordinator for området kom vi fram til at vi ikkje har avgjerande merknader til planendringa. Som vassregionmynde er hovudmålet vårt at tiltaka ikkje fører til nokon forringing av økologisk tilstand av vassførekomstane som potensielt vert råka av tiltaka.

For å sikre dette er det avgjerande at ein sterkt vurderer å gjere det avbøtande tiltaka skisserte av Multiconsult i søknaden til bindande vilkår i konsesjonen. Dette gjeld særleg tiltak knytt til det nye deponiet ved Åsete som krav om buffersone og reinsetiltak mot avrenning.

Fagansvarleg sakshandsamar for følgjande tema:

- Kulturminne og kulturmiljø; Silje Foyen
- Vassmiljø; Øystein Wallevik

Med helsing

Sølve Dag Sundbø
seksjonsleiar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Bjørnar Tjoflot
seniorrådgjevar
NPI - Grøn næringsinfrastruktur

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ÅRDAL KOMMUNE

Statsråd Evensensveg 4-6

6885

ÅRDALSTANGEN

STATSFORVALTAREN I VESTLAND

Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER